



Aukra kommune

Arkivsak: 2015/178-37
Arkiv: L13
Saksbeh: Svein Rune Notøy
Dato: 18.01.2017

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
4/17	Drift og arealutvalet	25.01.2017
11/17	Kommunestyret	07.02.2017

Reguleringsplan Barnebo barnehage (Aukratun) - Eigengodkjenning

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Barnebo barnehage (Aukratun) slik det går fram av plankart med tilhøyrande føresegner, sist revidert 18.01.2017. Samstundes vil kommunestyret ved sluttgodkjenning av planen vedta å oppheve eksisterande reguleringsplanar som ligg innanfor planavgrensinga, dette i medhald av plan- og bygningslova § 12-14.

Dei eksisterande reguleringsplanane som heilt eller delvis skal opphevast og erstattast av ny plan er: 1547200602 – Barnebo barnehage (vedteken 29.03.2006) og 1547200701 – Barnebo barnehage, endring 01 (vedteken 31.01.2007).

Saksprotokoll i Drift og arealutvalet - 25.01.2017

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

Innstilling frå drift- og arealutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Kommunestyret - 07.02.2017

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Barnebo barnehage (Aukratun) slik det går fram av plankart med tilhøyrande føresegner, sist revidert 18.01.2017. Samstundes vil kommunestyret ved sluttgodkjenning av planen vedta å oppheve eksisterande reguleringsplanar som ligg innanfor planavgrensinga, dette i medhald av plan- og bygningslova § 12-14.

Dei eksisterande reguleringsplanane som heilt eller delvis skal opphevast og erstattast av ny plan er: 1547200602 – Barnebo barnehage (vedteken 29.03.2006) og 1547200701 – Barnebo barnehage, endring 01 (vedteken 31.01.2007).

Vedlegg

- 1 Plankart revidert 18.01.2017
- 2 Observasjon av hønehauk - korrespondanse
- 3 Innkomne merknader etter 2. høyring
- 4 Føresegner revidert 18.01.2017
- 5 Planomtale revidert 18.01.2017

Særutskrift:

Etter adresseliste

Bakgrunn:

Aukra kommune har tre barnehagar med ulik storleik, organisering og pedagogisk profil. Bergetippen barnehage i Julsundet har 5 avdelingar med til saman 66 barn (22 små og 44 store), Barnebo barnehage på Gossen har 8 avdelingar med til saman 115 barn (32 små og 83 store), og den private barnehagen Trollmyra har ein mindre del av barnehagetilbodet på Aukra med 10 småbarn. Frå august 2015 har Barnebo barnehage 8 avdelingar, 4 småbarnavdelingar på Furutun og 4 storbarnavdelingar på Riksfjord. Kommunestyret vedtok i møte 26.03.2015, sak 22/15, å rive Aukratun for å leggje til rette for eit nytt frittståande barnehagebygg som er planlagt ferdigstilt i 2019. Planforslaget som no vert lagt fram for eigengodkjenning skal leggje til rette for dette nye barnehagebygget.

Reguleringsplanen vert utarbeidd som ei flateregulering der detaljar kring plassering av nytt barnehagebygg, parkering, interne køyreveggar og annan nødvendig infrastruktur ikkje er tekne med (løysinga er avklart med rådgjevar Anders Røystrand i Møre og Romsdal fylkeskommune). På denne måten får arkitektane som tek del i den vidare prosessen større fridom til å kunne utvikle ei så god løysing som mogleg på det avsette arealet.

I gjeldande kommuneplan sin arealdel (vedteken 21.06.2006) er planområdet avsett til landbruksnatur og friluftsføremål (LNF) og offentleg bygning. I kommuneplanen sin arealdel som er under rulling er planområdet avsett til offentleg eller privat tenesteyting, framtidig.

Tilleggsopplysning etter høyring – observasjon av hønehauk

I samband med offentlig høyring av planforslaget vart kommunen gjort merksam på at det var sett og hørt hønsehauk i skogen der den nye barnehagen er tenkt oppført. På bakgrunn av dette foretok kommunen ei synfaring i området, og observerte det som truleg er eit hønsehaukreir. Reiret vart registrert med GPS, og dokumentert med bilde.

Problemstillinga knytt til observasjonen av hønsehaukreiret vart lagt fram for saksbehandlar hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf. e-post datert 12.04.2016. Saksbehandlar hos fylkesmannen har sjølv vore på synfaring i planområdet, og bekrefta kommunens observasjon, i tillegg vart det observert eit nytt reir. I e-post datert 22.04.2016, tilrår fylkesmannen i Møre og Romsdal at kommunen vurderer alternative løysingar for plassering av den nye barnehagen, som ikkje kjem i konflikt med haukelokaliteten.

Plansjef Kjell Lode snakka med ornitolog Alf Ottar Folkestad på telefon den 27.04.16. Innleiande tema var om større fuglar, som hønsehauk, kan tenkjast å tilpasse seg naboskap med menneske og menneskeleg aktivitet – om det kan førekome sosialisering på individnivå for slike fuglar. Kan det tenkast at ei utviding av barnhageområdet mot vest kan tålast utan at hønsehauken skyr reirplassen?

Folkestad meiner det er grunnlag for å legge vekt på at det har vore sameksistens mellom hauken og barnehagen i fleire år, og at det har vore hekking fleire år. Hauken søker gjerne område der det er god tilgang på mat. Dette finn han på Gossen (t.d. kråke, måker). Kvalitet rundt eit reirtre er skjul i form av skog, men likevel ope nok som landingsplass (difor helst eit furutre), høgde over bakken og (erfart) aktivitet som ikkje blir oppfatta som trugande. Sidan det har vore hekking ved fleire høve medan barnehagen har vore i området og det elles er bilveg og busetnad i nærleiken, er det reelt å tenke at hauken har valt området med dei «avgrensingane» som finst og funne seg til rette. Sosialisering på individnivå kan forsvarast ut frå observasjonar av ulike fugleartar som tilpassar seg skiftande omgjevnader. Dette gjeld særleg arter som lever lenge og dermed kan gjere seg erfaringar. Døme er: Ørn, gås, trane. I dette spesielle tilfellet med hønsehauk, ville det vore interessant å vite kvar det er hekking i år. Dette vil kunne seie noko om territoriet hauken bruker, og om det kan tenkjast at ei flytting frå det aktuelle reirtreet kan kompenseras med nye reirlokalteter. Slik observasjon bør vente til ungar er klekte og har fått tid til å vekse noko.

På spørsmålet om avstand mellom reirtre og nytt barnehagebygg svarer Folkestad at avstand aleine ikkje er nok vurderingsgrunnlag. Ein må også kunne legge vekt på kva aktivitet det er i området der hauken alt har valt å opphalde seg. Viktigaste vurderingstema vil vere om lokaliteten framleis kan følast trygg, og trygg i form av tilvant aktivitet. Tilpassing i form av minst moglege hogst og tidspunkt for byggeperioden må kommunen vurdere.

I telefonsamtale med sakshandsamar hos fylkesmannen vart tidligare tilråding om å finne alternative løysingar for plassering av den nye barnehagen oppretthaldt.

Konklusjon:

Etter fyrste offentlege høyring valte kommunen å imøtekome krava til fylkesmannen gjennom å redusere planområdet i omfang slik at ein unngår negative konsekvensar for den observerte hønsehauken, i tillegg vart ein større del av planområdet sett av til offentlig føremål for å gi

større rom for plassering av barnehagebygg med uteoppholdsareal og nødvendig infrastruktur innanfor planområdet. I merknaden ved andre offentlege ettersyn aksepterte fylkesmannen denne løysinga. Planforslaget som vert lagt fram til eigengodkjenning vidarefører denne løysinga.

Utgreiing:

Det blei varsla oppstart av planarbeidet 07.02.2015. Frist for innspel vart sett til 06.03.2015, og det kom inn totalt 7 merknader.

Drift- og arealutvalet vedtok i møte 16.12.2015 å leggje planforslaget ut til 1. offentlege høyring. Planforslaget vart lagt ut til 1. offentlege høyring i perioda 21.12.2015 –15.02.2016. Det kom inn totalt 6 merknader.

Drift- og arealutvalet vedtok i møte 19.10.2016 å leggje planforslaget ut til 2. offentlege høyring. Planforslaget vart lagt ut til offentleg høyring i perioda 26.10.2016 – 05.12.2016. Grunna ein inkurie frå kommunen si side fekk Møre og Romsdal fylkeskommune, fylkesmannen i Møre og Romsdal og statens vegvesen utsett frist for uttale til 22.12.2016. Det kom inn totalt fire merknader, nedanfor er desse kort refererte og kommenterte (merknadane i si heilheit er vedlagt saka):

1) Merknad frå Svein Oddvar Korsvik (1/133), datert 06.11.2016

Korsvik har fylgjande merknader til planforslaget:

Han opplever at det er mykje tullkøyning langs Hjertvikvegen, og han ønsker tiltak som dempar hastigheita til bilane.

Om avkøyrsla til barnehagen vert vidareført meiner han det bør etablerast miljøgatetiltak langs denne strekninga.

Han ønsker at det vert utført tiltak knytt til overvatn

Kommentar:

Fartsgrensa langs Hjertvikvegen er 50 km/t, og er fastsett etter vegdirektoratets retningslinjer. Nedsetting av fartsgrense eller andre tiltak for å redusere fart langs vegen er knytt til trafikksikringstiltak som ligg utanfor reguleringsplanen sitt område, og slike spørsmål bør i staden takast opp med driftsansvarleg for dei kommunale vegane i kommunen. Det vert ikkje sett på som føremålstenleg å etablere miljøgatetiltak når det likevel skal etablerast gang- og sykkelveg langs denne strekninga.

Reguleringsplanen vert utarbeidd som ei flateregulering der detaljar kring plassering av nytt barnehagebygg, parkering, interne køyreveggar og annan nødvendig infrastruktur ikkje er tekne med. Eksisterande avkøyning til barnehagen vil være gjenstand for vurdering av flytting i det vidare arbeidet, men er ikkje noko som er klarlagt på det noverande tidspunktet.

Når det gjeld problemstillingane knytt til overvatn er dette også tiltak som ligg utanfor denne reguleringsplanen sitt område, men om det vert naudsynt med tiltak kan dette utførast i samsvar ei konkret utbygging

2) Merknad frå Statens vegvesen Region Midt, datert 16.12.2016

Frisiktsona i avkjøringa til kommunal veg (Hjertvikvegen) strekk seg utanfor planavgrensinga. Føresegnar til frisktsoner kan kun stillast innanfor planavgrensinga, og for at § 5.1 i føresegnene skal få juridisk verknad, må planavgrensinga justerast slik at heile frisktsona inngår.

Gang og sykkelvegen må opparbeidast og knytast til eksisterande gang- og sykkelveg langs fylkesveg 216 før nye bygningar kan tas i bruk innanfor planområdet.

Kommentar:

Planområdet er utvida slik at frisktsona i avkjøringa til Hjertvikvegen no inngår i si heilheit innanfor planavgrensinga, jf. plankart revidert 18.01.2017. I det reviderte planforslaget er gang- og sykkelvegen forlenga slik at denne vert knytt saman med eksisterande gang- og sykkelveg langs fylkesveg 216. Føresegnene er oppdatert med rekkefølgekrav i § 6: «§ 6.1 Gang- og sykkelveg - Gang- og sykkelveg skal byggast ut og knytast til eksisterande gang- og sykkelveg langs fylkesveg 216 før nytt barnehagebygg kan takast i bruk». Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde.

3) Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 21.12.2016

Støysjablong utarbeidd av Statens vegvesen viser at ein mindre del av planområdet ligg i gul støysone. Byggegrensa i plankartet sikrar at bygningar ikkje blir oppført i støysona, men for å synleggjere støysona i plankartet kan kommunen velje å leggje inn omsynssone H220 i plankartet.

Innhaldet i § 2.7 er saksbehandlingsreglar som går fram av plan- og bygningslova, og er unødig oppført i reguleringsføresegnene

Kommentar:

Den delen av planområdet som ligg i gul støysone ligg lengst aust i planområdet og vil ikkje bli nytta til utbyggingsføresmål, kommunen ser det då heller ikkje som naudsynt å leggje inn omsynssone H220 i plankartet. § 2.7 i reguleringsføresegnene er fjerna. Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde.

4) Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 22.12.2016

Planomtalen må oppdaterast med ny storleik på planområdet, og med ei vurdering av kva konsekvensar reduksjon av planområdet har for å oppnå tilstrekkeleg areal til uteopphaldsareal, samt internveggar og parkering.

Ein naturleg konsekvens av naturmangfaldverdiene knytt til hønehauklokaliteten ville vere å regulere areal lengst i sørvest til naturområde eller grøntstruktur, der ein i føresegnene kunne avklare tilgang til barnehagen til å bruke området til tur og aktivitet til tider og i eit omfang som ikkje forstyrrar hønehauken vesentleg.

Føresegnene til planen bør presisere kva for infrastruktur som er tillate opparbeidd innanfor O_BH_F

Det må takast inne rekkefølgekrav i reguleringsføresegnene om opparbeiding av gang- og sykkelvegen før nytt barnehagebygg vert teke i bruk.

Kommentar:

Punkt 3.2 i planomtalen er oppdatert med ny storleik på planområdet (19 daa). Planområdet er redusert med om lag 5 daa etter 1. offentlege høyring for å unngå negative konsekvensar for observert hønehauk. Etter ei vurdering av utbyggingsavdelinga i Aukra kommune, vert det resterande arealet likevel vurdert til å være tilstrekkeleg stort til å omfatte nytt barnehagebygg med uteopphaldsareal, internvegar og parkering . Reduksjonen av planområdet vert derfor ikkje vurdert til å medføre negative konsekvensar for det vidare arbeidet.

Kommunen vel å vidareføre planen i si noverande form utan å regulere inn naturområde i sørvest, jf. avsnitt 1.

§ 3.2 i reguleringsføresegnene presiserer kva type infrastruktur som er tillate opparbeidd innanfor O_BH_F: «Føremålet skal omfatte nødvendig areal for interne køyrevegar, parkering for tilsette og foreldre, samt naudsynte tekniske anlegg knytt til kraftforsyning, telekommunikasjon, avfallshandtering, vatn og avløp».

I det reviderte planforslaget er gang- og sykkelvegen forlenga slik at denne vert knytt saman med eksisterande gang- og sykkelveg langs fylkesveg 216. Føresegnene er oppdatert med rekkefølgekrav i § 6: «§ 6.1 Gang- og sykkelveg - Gang- og sykkelveg skal byggast ut og knytast til eksisterande gang- og sykkelveg langs fylkesveg 216 før nytt barnehagebygg kan takast i bruk». Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde.

Konklusjon:

Innkomne merknader er så langt det let seg gjere tekne til vitande og innarbeidd i planforslaget, reguleringsplanen vert derfor tilrådd eigengodkjent av kommunestyret.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Planarbeidet medfører økonomiske og administrative konsekvensar:

- Kostnader knytt til annonsering

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Kjell Lode
Plansjef

Rett utskrift 08.02.17

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.